**Protokoll frå årsmøte i Voss Hang- og Paragliderklubb**

Årsmøtet vart halde **06. mars 2026 kl. 18.00** i **Voss Fallskjermklubb sine lokale, Flyplassvegen 135, Voss**.

**Sak 1 Godkjenning av dei stemmeberettiga**
Styret gjorde greie for kor mange medlemmar som var til stades ved oppstart av årsmøtet og som styret vurderte som stemmeberettiga.
**Vedtak:**
Årsmøtet godkjende talet på stemmeberettiga medlemmar: **19**.

**Sak 2 Val av dirigent**
Styret foreslo **Hilde Eikemo** som dirigent.
**Vedtak:**
Årsmøtet valde **Hilde** som dirigent.

**Sak 3 Val av protokollførar**
Styret foreslo **Renate** som protokollførar.
Følgjande hadde ordet i saka: [namn]
**Vedtak:**
Årsmøtet valde **Renate** som protokollførar.

**Sak 4 Val av to medlemmer til å signere protokollen**
Styret foreslo **Morten Knapstad** og **Gaute Hvidsten** til å signere protokollen.
**Vedtak:**
Årsmøtet valde **Morten Knapstad og Gaute Hvidsten** til å signere protokollen.

**Sak 5 Godkjenning av forretningsorden**
Styret la fram forslag til forretningsorden.
**Vedtak:**
Årsmøtet godkjende forretningsordenen.

**Sak 6 Godkjenning av innkallinga**
Styret foreslo at innkallinga til årsmøtet vart godkjend.
**Vedtak: Godkjent**
Årsmøtet godkjende innkallinga.

**Sak 7 Godkjenning av sakslista**
Styret la fram sakslista for godkjenning.
**Vedtak: Godkjent**
Årsmøtet godkjende sakslista.

**Sak 8 Behandling av årsberetning**
Styret la fram idrettslaget si årsberetning.

Følgjande hadde ordet i saka: Malene
**Vedtak:**
Årsmøtet godkjende årsberetninga.

**Sak 9 Behandling av økonomi**
**Sak 9.1 Rekneskap**
Styret la fram rekneskapen i revidert stand.
Følgjande hadde ordet i saka: Malene, Morten, Renate, Hilde
Dagen før årsmøte ble det oppdaget en feil i post 2400 Andre avsetninger for forpliktelser. Endringen førte til en redusjon av årsresultat frå 462.156,30 kr til 435 392,88 kr. Feil ble rettet i rekneskap og i styrets beretning før møtet og presentert for årsmøte.
**Vedtak:**
Årsmøtet godkjende rekneskapen.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 9.2 Styret si økonomiske beretning**
Styret la fram økonomisk beretning.
**Vedtak:**
Årsmøtet godkjente beretningen.

**Sak 9.3 Kontrollutvalet si beretning**
Kontrollutvalet la fram si beretning.
**Vedtak:**
Årsmøtet tok beretninga til orientering.

**Sak 10 Behandling av forslag og saker**
**Sak 10.1 Klubbhus på Voss**
Styret foreslo å utarbeide ein plan for ei langsiktig løysing for klubbhus på Voss.
**Vedtak:**
Årsmøtet gjev styret fullmakt til å nytte inntil **kr 500 000** av oppsparte midlar/eigenkapital til kjøp eller sikring av klubbhus dersom ein formålstenleg moglegheit oppstår i 2026.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 10.2 Honorar til verv**
Styret foreslo honorar til fagleg leiar tilsvarande honorar til nestleiar.
**Vedtak:**
Årsmøtet vedtok følgjande honorar:

- Styreleiar: **0,16 G**
- Nestleiar: **0,08 G**
- Fagleg leiar: **0,08 G**

Styremedlemmar og varamedlemmar får **årskort til Voss Gondol**.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 10.3 Oppdatering av klubbens lov**
Styret foreslo å oppdatere klubbens lov i samsvar med gjeldande lovnorm frå NIF.
**Vedtak:**
Årsmøtet gjev styret fullmakt til å oppdatere klubbens lov i tråd med gjeldande lovverk.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 10.4 Innkjøp av redningsbåt**
Styret foreslo innkjøp av redningsbåt.
Eivind kommer med innspill knytt til funksjonaliteten til båten. Det bør være en båt-komité som arbeider for dette.
Kjell Svanes har innspill rundt den oransje redningsbåten, den fungerer godt som redningsbåt, men trenger ny motor. Før vi kjøper ny båt bør vi og ha en plan for infrastruktur med brygge etc.

**Vedtak:**
Årsmøtet gjev styret fullmakt til å kjøpe redningsbåt med total kostnadsramme på inntil **kr 400 000**.
Styret har mål om at minst **50 %** av kostnaden vert dekt gjennom eksterne tilskot eller støtteordningar.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 10.5 Programplan 2026**
Styret la fram forslag til programplan for 2026.
**Vedtak:**
Årsmøtet vedtok styret sitt forslag til programplan.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 11 Fastsetjing av medlemskontingent**
Styret foreslo vidareføring av uendra medlemskontingent.
**Vedtak:**
Årsmøtet vedtok å halde medlemskontingenten uendra.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 12 Vedtak av budsjett**
Styret la fram forslag til budsjett for 2026.
**Vedtak:**
Årsmøtet vedtok styret sitt forslag til budsjett.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 13 Behandling av organisasjonsplan**
Styret la fram forslag til organisasjonsplan.
**Vedtak:**
Årsmøtet vedtok styret sitt forslag til organisasjonsplan.
19 stemmer for, 0 stemmer mot.

**Sak 14 Val**
**14.1 Styre**
Val av:

- Leiar
- Nestleiar
- styremedlemmar
- varamedlemmar

Leiar og nestleiar velgast kvar for seg. Øvrige styremedlem og vara blei valt samla.
**Vedtak:**

| | |
|---|---|
| Leder: | Gaute Hvidsten |
| Nestleder: | Renate Fossmark Pedersen |
| Styremedlem: | Jon Ingemar Gjerde |
| Styremedlem: | Kristian Backer |
| Styremedlem: | Siv Mona Sve Edvardsen |

Vara: Henrik Nyhus
Vara: Janne-Berit Stokke
Årsmøtet valde i samsvar med valkomiteen si innstilling.

**14.2 Kontrollutval**
Val av:
- leiar Tor Atle Søvig
- medlem Hilde Pettersen
- varamedlem Harald Horvei

**Vedtak:**
Årsmøtet valde i samsvar med valkomiteen si innstilling.

**14.3 Representantar til ting og møter**
**Vedtak:**
Årsmøtet gav styret fullmakt til å oppnemne representantar ved behov. Her er det ingen ting i år, men styreleiar orienterte om at klubbstyre kjem til å behandle klubben sin representant i Ekstremsportveko sitt styre då ho som sitjande medlem ikkje skal fortsetje etter flytting.

**14.4 Valkomité**
Val av:
- leiar Malin Mannes
- medlem Mathias Helgesen
- varamedlem Elisabeth Viken

**Vedtak:**
Årsmøtet valde i samsvar med valkomiteen si innstilling.

**Voss, 06.03.2026**

Referent Renate Fossmark Pedersen

**Signering av protokoll**

**Morten Knapstad**

Morten Knapstad (12. mar.. 2026 10:40:14 GMT+1)

**Gaute Hvidsten**

Gaute Hvidsten (12. mar.. 2026 11:49:02 GMT+1)